

Familie- og trimtur med utsyn over Torpo.



Det beste utgangspunktet for denne turen er Bakketun stadion på Torpo. Alternativt kan du starte ved Sirebrua på vegen opp mot Lien, ved grusvegen til Storedal eller ved Torpo kyrkje.

Følg ny rydda stig frå klubbhuset på Bakketun til Sirevegen. Etter å ha gått 200 meter langs grusvegen mot Storedal, tar du av og følger merka stig. Etter ca. 500 meter deler denne seg, då har du to val:

1. Vel du stigen til høgre kjem du ut mot Sireåne og følgjer den eit stykke innover. Så svingar stigen seg til venstre mot Rikansrudkamben.

2. Stigen som går til venstre er bratt og går meir rett opp på Rikansrudkamben.

Dersom du ynskjer ein rundtur på 5 km kan du legge tilbaketuren om Sletta, Rikansrudvegen og ned att til Torpo sentrum. Denne vegen er ikkje merka.



For meir detaljert kart sjå: Tur og sykkelkart Al/Gol/Hemsedal 1:60.000.



Foto: Heidi Sire



Køyr Rv. 7 til Torpo sentrum.



På Bakketun stadion, ved Sirebrua på vegen opp mot Lien eller ved Torpo kyrkje.



Opp og ned same veg ca. 3 km. Om du går rundturen er denne ca. 5 km. 387 – 682 moh.



500 m lenger opp i lia er det registrert fleire fangstgroper og eit jernvinnelanlegg.



Lett «topptur» med vid utsikt over Torpo.

